

## Tilskot til lavterskel fysisk aktivitet – Inkludering gjennom friluftslivaktiviteter

Saksnummer: 2017/121

Prosjektleder: Sigrid Kvåle Myksvoll, Bergen og Hordaland Turlag

### Gjennomførte tiltak:

Bergen og Hordaland Turlag har som mål at fleire deltakarar og frivillige med fleirkulturell bakgrunn skal vere aktive i vår virksomhet, og vi har derfor høgt fokus på inkludering.

I 2017 har vi hatt fleire prosjekter retta mot dette:

- Ferskingkurs for innføringsklasser
  - o I 2017 har vi holdt ferskingkurs for innføringsklassar på Rothaugen, Hop og Åstveit.
- Internasjonale dagar på Hallingskeid
  - o Fleirkulturelle ungdommar og unge vaksne inviterast til ei av våre turisthytter i høgfjellet, og får prøve skigåing, aking, norsk vintertradisjon m.m
- Deltaking i nettverket Aktiv Saman
  - o Vi prioriterer at vår prosjektleder deltar i inkluderingsnettverket «Aktiv Saman». I 2017 var BHT svært sentrale i gjennomføringa av ein vinteraktivitetsdag på Kvamskogen for barnefamiljar med minoritetsbakgrunn. Nettverket diskuterer elles relevante problemstillingar knytta til inkludering av fleirkulturelle, gjennomfører aktivitetsdagar for innføringsklassar m.m. Nettverket er ein fin arena for å knytte kontaktar på tvers av ulike etatar/organisasjonar for betre inkludering.
- Aktivitet på mottaket i Arna og Lindås (Lindås til nedleggelse sommar 2017)
  - o Vi har gjennomført aktivitetsdag på Håøytoppen, klatredag i Høyt & Lavt og Coasteering på Sotra, og invitert med bebuarar på mottak til å vere med. Vi har også vore ute på Arna mottak og presentert oss og fortalt om tur og natur. Vi har samarbeida med frivillige frå Redd Barna- som i mange år har arrangert aktivitetar for dei som bur der.
- Til Topps – ei internasjonal turgruppe
  - o I løpet av hausten 2017 overtok vi det administrative ansvaret for den internasjonale turgruppa Til Topps. Dette er opprinneleg ei turgruppe i Røde Kors Bergen, og dei er framleis noko involvert, blant anna er Røde Kors sitt tilbod «Språkcafé» ein effektiv rekrutteringsaren. Til Topps har per no 20 engasjerte leiarar og arrangerer mange turar gjennom året lokalt i Bergen. Kvar sommar bestig dei Galdhøpiggen, Noregs høgste fjell. BHT administrerer, følger opp alle turleiarane, inviterer til arbeid med turprogram, kompetansesamling m.m.
- Samarbeid mellom Møhlenpris Idrettslag, Raftostiftelsen og DNT ung
  - o I løpet av 2017 har det blitt arrangert fleire hytteturar, kor målet har vore å finne ein felles møteplass blant ungdommar med ulik bakgrunn. Møhlenpris er eit idrettslag i Bergen kor 99 % av ungdommane har fleirkulturell bakgrunn, mens det hovudsakeleg er etnisk norske i DNT ung Bergen. Aktivitetane og turane dei har arrangert har både vore fylt med kos og leik, men har også hatt læringstema med god hjelp av Raftostiftelsen, kor tema som utanforskap, respekt, tillit, ekstremisme har blitt diskutert. Aktivitetar og mat frå ulike

kulturar har også blitt vist bort. Eit mål med prosjektet har vore at ungdommane kan fortsette å invitere kvarandre med på aktivitetar, f.eks har deltakarar i prosjektet i etterkant deltatt på volleyballturnering og klatring på tvers av gruppene.

I tillegg til konkrete prosjekt retta mot inkluderingsarbeid, har vi i tillegg jobba med å kartlegge nettverk og organisasjonar som fleirkulturelle i Bergen er tilknytta, f.eks Det felles innvandrerråd (som vi ikkje har lykkast med enda), Ny Sjanse/Jobbsjansen, Nygård Skule, biblioteket og Språkcafeen til Røde Kors.

### **I kva grad målsettinga vart nådd:**

Vi skulle gjerne hatt enda meir ressursar til ansatte som kan jobbe med dette, men har i løpet av 2017 hatt eit mykje større fokus på det enn dei siste føregående åra. Så alt i alt er vi fornøgde med det vi har fått til i 2017 på inkluderingsarbeid, og ser fram til å kunne bruke erfaringar og kunnskap vidare i åra framover.

### **Peike på eventuelle avvik og grunnje desse:**

Vi har ingen direkte avvik, men naturleg nok ser vi forbedringspotensiale. Vi ser særleg at det kan vere vanskeleg å få dei med vidare i DNT-aktivitet. I Til Topps er det faste frivillige og vi ser at dette er svært positivt for at dei med minoritetsbakgrunn kjem. Dette senker terskelen og gjer opplevingane tryggare. Same er det med aktiviteten vi har gjennomført på mottaka- kor dei frivillige frå Redd barna er kjente ansikt for bebuarane. Vi har veldig mange potensielle turtillbod fleirkulturelle kan vere med på, men synes det å nå ut med informasjonen og faktisk få dei til å kome kan vere vanskeleg. Vi treng dette bindeleddet, kor frivillige «leier» deltakarar med i aktivitet. Eit eksempel kan vere at frivillige reiser til mottaket i Arna og tar bebuarar med til oppmøtestart for turen. Det er naturlegvis avhengige av lyst og kapasitet hos dei frivillige. Ei slik «fadderordning» har vore oppe til diskusjon fleire gonger, og dette er noko vi ønskjer å sjå nærmare på i åra framover.

Vi håpar på støtte i 2018 til å kunne jobbe vidare med arbeidet.



*Nyetablert samarbeid mellom BHT og Røde Kors Bergen om turgruppa «Til Topps». Her går ein god gjeng 7-fjellsturen 2017.*